

Tiltak og anbefalingar

- Ver bevisst på kva slags personleg informasjon du publiserer.
- Etabler og hald ved like kontakt berre med menneske du stolar på.
- Forvent at alle kan sjå informasjonen du deler på sosiale medium, om både jobb og privatliv.
- Legg ikkje ut arbeidsrelatert informasjon utan løyve frå arbeidsgivaren din.
- Legg ikkje ut informasjon om vennene dine utan løyve frå dei.
- Bruk tryggleiksinnstillingane som er tilgjengelege i tenestene du bruker.
- Ikkje bruk det same passordet på ulike tenester.
- Hugs at Internett er ei søkbar informasjonskjelde for alle.

Ver bevisst!



Nasjonalt tryggingssorgan (NSM)

Telefon 67 86 40 00
post@nsm.stat.no
Postboks 14
1306 Bærum Postterminal

www.nsm.stat.no



Sosiale medium og tryggleik



Informasjon til deg som
bruker sosiale medium

Kva er sosiale medium?

Sosiale medium er tenester på Internett som gjer det mogleg for menneske å dele informasjon med kvarandre. Tenester som Facebook, Twitter, LinkedIn og YouTube er i dag så integrerte i måten vi kommuniserer på, at dei er ein naturleg del av dagleglivet på nettet.

Personleg informasjon

Ved å opprette ein personleg profil og knyte seg til andre sine profiler blir det danna sosiale nettverk med store mengder personleg informasjon. Mange spreier personsensitiv informasjon utan å ha vurdert dei kortsiktige og langsiktige konsekvensane ved slik spreiring.



Ikkje utlever deg sjølv!

Kva synest du at alle andre kan få vite om deg?

Falsk tryggleikskjensle

Å kommunisere med andre på nettet kan vere utfordrande. Vi veit ikkje alltid kven vi faktisk kommuniserer med. Mangel på fysisk nærvær kan skape ei falsk tryggleikskjensle som vi bør tenkje over før vi utleverer oss sjølv for mykje.

Ta dei same førehandsreglane på nettet som du ville ha gjort i den verkelege verda.

Sensitiv informasjon

Svært mange av oss forvaltar sensitiv informasjon på jobb. Dermed kan vi forårsake skade ved å publisere informasjon som kan bli misbrukt av andre. Den same risikoen er til stades dersom verksemder og tilsette ikkje er bevisste korleis personleg informasjon kan utnyttast.

Kva er risikoen?

Informasjon frå sosiale medium kan gjere det enkelt for trusselaktørar å:

- kartleggje verksemder og bedriftsorganisering
- overvake kva som skjer i privatlivet ditt, og kvar du er
- samle og utnytte den informasjonen som blir publisert
- finne ut kven som har tilgang til tryggleiksgradert eller sensitiv informasjon
- kartleggje personlege svakheiter
- overvake kva som skjer i verksemda
- teste eller utnytte sårbarheitene hos menneske og i tekniske system